

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/19	217	28.03.2019	11.04.2019	KS

16

PROSJEKTPLAN – TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIE

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt tenesteyting heimesjukepleie, jf. prosjektplan.

Vedlegg

Prosjektplan – Tenesteyting heimesjukepleie. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon. Datert 19.03.2019

Saksopplysningar


Kontrollutvalet vedtok i sak 10/19 at neste forvaltningsprosjekt er knytt til tenesteyting heimesjukepleie.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon har utarbeida prosjektplan, med fylgjande problemstillingar:


1. Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak?

I tillegg vil ein utarbeide ei deskriptiv analyse med samanlikning av nabokommunar (basert på KOSTRA) knytt til tenesteyting heimesjukepleie.

Viser elles til vedlagte prosjektplan for utfyllande informasjon.



Jostein Støylen
Dagleg leiar



Karoline Sighaug
Karoline Sighaug
Konsulent

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	Ar: 2019	Arkiv:
Oppdrag: Kontrollutvalet i Vanylven kommune	Utarbeidet dato/sign.: 19.13.19 AMG	Gjennomgått dato/sign.:
PROSJEKTPLAN – Tenesteyting heimesjukepleie		

Innleiing:

Kontrollutvalet vedtok i sak (10/19) eit forvaltningsprosjekt innanfor tenesteyting i heimesjukepleia.

- Veileder for saksbehandling IS-2442

Målsetting:

Målsettinga for prosjektet vil vere å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Ressursbehov:

Prosjektet vil i hovudsak bli utført av Alf Marius Grønnevik som prosjektansvarleg, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Avgrensing:

Gjennomgangen/kontrollen vil gjelde eit utval av brukarane med vedtak om heimesjukepleie i 2018.

Prosjektet er forventa å ha ei tidsramme på ca 150-200 timar. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data i høve til revisjonskriterium, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport og presentasjon i kontrollutvalet.

Problemstilling:

1. Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak?

Metode:

I vår revisjon vil vi basere oss på kontroll av enkeltvedtak til eit utval brukarar med heimesjukepleie og kontrollere desse opp i mot arbeidet som er gjennomført (kontroll av det som er journalført i Geric). Det vil også vere relevant med intervju av styrar/tilsette innanfor eininga.

Endringar:

Revisjonsplanen kan bli endra dersom arbeidet med prosjektet skulle nødvendigjere dette

Ein vil også basere revisjonen på dokumentanalyse knytt til relevante skriftelege rutinar, KOSTRA-rapportering, osv.

Uisteinvik 19.03.2019
Alf Marius Grønnevik

Revisjonskriterium:

Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med prosjektet vil vere:

- Forvaltningslova
- Helse og omsorgstenestelova
- Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester